Nr. 860 L.a.

PÅ LAGER. SEM & STENERSEN A/S. OSLO 11-61

Til innhefting i panteboka.

Hordaland
8 MAI 1964
landbruksselskap

Dagbok nr.
03706 - 16.7.64
NORDHORDLAND
SORENSKRIVAREMBETE

# Skyldskifte

Laur dag den 2 mai 19 64 heldt vi underskrivne, oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Eikeland

g.nr. 42 b.nr. 5 med skyld mark 1,93 i Meland

herad. Skyldskifte er kravt av Georg Eikeland

som har grunnboksheimel til den eigedomen skyldskiftet gjeld[1]).

Menns-oppnemningsbrevet fylgjer. Alle mennene har gjevi skjønsmannslovnad, ~~så nær som~~[2]) alle.

Ved tenesta møtte Seljar og kjøpar

Av partane:[3])

Ein fann det uturvande å

Av grannane:[3]) varsla andre.

Mennene valde til formann Johs. Skintveit

Om den/dei fråskilde luten/lutene av garden kan det gjevast desse opplysningane:

1.[4]) *Areal:* Dyrka jord 0 dekar, naturleg eng og kulturbeite 0 dekar, produktiv skog 0 dekar, anna areal 0,7 dekar. I alt ...... dekar.

2. Grenser:[5])

Grensa tek til i aust ved Eikelandsvegen der merkestein er sett - går mot vest 15.50 m. til merkestein - går mot Nordvest 25 m. til merkestein, går so mot

---

[1]) Skyldskifte kan ikkje godtakast til tinglysing utan den som krev tenesta, anten har grunnboksheimel eller dom for at han eig den luten av eigedomen som han vil ha fråskilt (§ 1 i skylddelingslova.)

[2]) Har nokon av mennene ikkje gjevi slik lovnad som er nemnd i § 20 i lov nr. 1 frå 1/6 1917, skal han skriva under ei utsegn med etternemnde ordlyd før tenesta tek til, og utsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftet: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding. den 19 N. N.»

[3]) Om nokon av dei grannane eller partane som skyldskiftet vedkjem, ikkje møter, må ein her opplysa om det er prova at dei har fått varsel, eller når det gjeld grannane, om det er rekna for uturvande å varsla dei (§§ 2 og 8 i skylddelingslova.)

[4]) Oppgåve over arealet m. m. til den fråskilde luten skal berre gjevast for areal som er over 2 dekar (jfr. skylddelingslova § 9.) Er arealet under 2 dekar, må det attesterast i tenesta.

[5]) Sjå §§ 3 og 8 i skylddelingslova. Grensene mot granne-eigedomar skal ein ikkje skriva opp når eigaren ikkje er til stades og samtykkjer i det som vert skrive. Skal mennene etter krav frå partane fastsetja sjølve markeskilet, samstundes med at dei set i skyld (§ 7 i lova), må dei her nemna det som trengst om det og. Det må ikkje stiftast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet utan at heftet er vedteki skriftleg av den som har grunnboksheimelen til den eigedomen heftet skal liggja på (§ 5 i lova.)

Nordaust 24 m. til merkestein – går i austleg retning 34 m. til merkestein ved Eikelandsvegen, går so langs vegen 10 m. attende til utgangspunktet.

Parsellen skal setja opp og halda vedlike turvande gjerde. Ifall der ikkje er brukande vatn på parsellen har den rett til å grava brunn på hovedbruket.

Elles ingen retter og plikter.

Godteke av oss:

Seljar: Georg Eikeland

Kjøpar: Leif Steinhovden
Hans Holmboesgt. 20
Bergen

1. Er det jordbruk og skog i den eigedomen som vert delt?

2. Får kvart jordbruk som kjem fram etter skiftet, så mykje skog som trengst til hus-berging og gards-tarv?

3. Er det jordbruk med fjellvidd, fjellvatn, elvar og bekker i den eigedomen som vert delt?

4. Får kvart jordbruk som kjem fram etter skiftet, så mykje fjellvidd som trengst for bruket? ..........

Vert det svara ja på spørsmål 1 og nei på spørsmål 2, eller ja på spørsmål 3 og nei på spørsmål 4, så lyt ein dessutan svara på dei spørsmåla som no kjem:

5. Har heradsstyret samtykt i skyldskiftet? ..........

6. Eller held skyldskiftemennene det for greitt at den fråskilde luten er esla til dyrkingsjord eller til byggetuft, veg, industriverk eller til andre føremål av same slaget? Byggetuft

7. eller vert eigedomen delt etter § 14 i lov om odels- og åsæteretten frå 26. juni 1821? ..........

*Vi vitnar:*

a) At det ikkje med skiftet er skapt noko nytt hopehav. Likevel har vi samtykt i at det kan vera hopehav i utmarka på den måten, at ..........

..........

..........

med di vi har funni vidare deling gagnlaus.[1])

b) At kvart bruk har fått så lagleg skap for fredning og drift som det er høve til.

Skylda på den/~~dei~~ fråskilde luten/~~lutene~~ vart sett til 0.01

..........

Attverande skyld på hovudbølet er 1.93

Det arealet som er att av hovudbølet, utgjer: Dyrka jord .......... dekar, naturleg eng og kulturbeite .......... dekar, produktiv skog.......... dekar, anna areal .......... dekar. I alt .......... dekar.

Den/~~dei~~ fråskilde luten/~~lutene~~ fekk dette/~~desse~~ bruksnamnet[2]) Soltun.

..........

Kostnaden med å halda og tinglysa skyldskiftet ber: Kjøparen

..........

Partane fekk opplysning om at dei kan anka skyldskiftet til overskjøn, dersom dei er misnøgde med den skylda som her er sett eller med det markeskilet som er fastslege, men ankeutsegn lyt då vera hjå sorenskrivaren seinast tre månader etter at dette skyldskiftet er tinglyst.

Vi sannar at vi har gjort tenesta etter beste skjøn og overtyding og etter skjønsmannslovnaden vår.

Vi har fastset at Kjøparen skal syta for å få skyldskiftet til sorenskrivaren til tinglysing.

Johs. Skintveit Joh. Skårdal [illegible] Olav J. Skintveit

[1]) Stryk det som ikkje høver.
[2]) Til bruksnamn må ikkje i noko tilfelle takast namn som alt vert nytta til ættenamn, om ikke namnet høyrer til dei som er heller vanlege (jfr. lov frå 9/2 1923 nr. 2 § 21.)

Går til .................................... jordstyre[1])

*Fråsegn frå jordstyret:*

Har sett på garden til Georg Eikeland, og brukstilhøva der hjå han. Parsellen som skal skiljast frå, omlag 65o $m^2$, ligg på grunnlendt og kupert lende, men er høveleg til byggjetuft. Kan ikkje sjå at frådelinga på nokon måte skader drifta av hovudbruket. Vil råda til at frådelinga vert godkjendt.

Eidsvåg den 5. mai 19 64.

................................ Rasm. R. Aasetv

formann. sekretær.

Går til .................................... landbruksselskap

Fråsegn frå fylkeslandbruksstyret:

fylkeslandbruksstyret i Hordaland har gjeve samtykkje til frådelinga og salet.
Bergen, 5/6 19 64.

E. f.

................ ~~den~~ ............ ~~19~~ ........

................................ ~~formann.~~

J. Ø. Sandvin
fylkeslandbrukssjef.

Den/dei fråskilde luten/~~lutene~~ har fått g.nr. 42 b.nr. 43.

---

[1]) Melding om tenesta skal ikkje sendast jordstyret dersom skyldskiftet gjeld eit areal på under 2 dekar.